Informasjon

# Kyrkjelydsblad for Hå

Nr. 4-2025 30/11 2025 - 22/2 2026
Årgang 57
www.hakyrkja.no



## PENSJONIST!?

## GUDSTENESTER I JULEHØGTIDA

## FRIVILLIGHETSFEST I NÆRBØ

ANDAKT

# ÅRET ME UTFORSKAR TRADISJONANE

Tekst: Anne Lise Ådnøy, biskop i Stavanger bispedømme
Foto: Den norske kyrkja

**KVA ER JULETRADISJONAR FOR DEG? ER DU FRÅ EIN FAMILIE MED JULETRE AV FURU ELLER GRAN - I SÅ FALL EDELGRAN, NORSK GRAN ELLER EVIGGRØNT KUNSTSTOFF? KVA SLAGS LUKTER FORBIND DU MED JUL? BESTEFAR SIN SIGAR ELLER DEN TRADISJONELLE JULEMIDDAGEN?**

Dette er året då jula sine tradisjonar og kyrkjelege røter bør utforskast. Jula 2025 er nemleg ei 900-årsjubileumsjul! Trua på Guds og Marias son hadde byrja å slå rot i Rogaland då Stavanger bispedømme vart etablert.

Domkyrkja er datert til år 1125, og me er stolte av at den vakre katedralen har vore i samanhengande kyrkjeleg bruk i 900 år. Tallause julesalmar er «avleira» i dei solide veggane der.

Jul var opphavleg festen for solsnu, ein skikk knytt til naturen sitt kretsløp. «Yule-tide» heiter det i nokre engelske julesongar. Me har halde på ordet jul, men innhaldet handlar meir om «Christmas» eller Kristmesse, på norsk.

## FASTETIDA ER DELE-TID

Ofte er familietradisjonar knytte til måltida. Mange veker før julehelga blir me minna om at ribbe og pinnekjøt høyrer jula til. Før gav juledagen den første kjøtmiddagen på fleire veker. Advent var fastetid. Ein tradisjon me godt kan ta vare på, er at adventstida blir dele-tid. I seinare år har det vore fleire medieoppslag om folk som trassar sjenanse og norske tradisjonar for å inkludere nye i måltidsfellesskapet akkurat til jul. Kan det bli ein ny tradisjon?

Feirar de jul saman på tvers av generasjonar? Lat det bli ein tradisjon at nokon fortel om sine juleminne, kanskje både på godt og vondt. Forskjellane mellom familiemedlemmar og mellom hushald i eit nabolag kan vere store. Jula toler at me snakkar ærleg om misunning, sår og forskjellsbehandling. Jesus vart menneske nettopp fordi Gud bryr seg om menneske og korleis me har det. Jula minner oss også på Jesu kjærleiksbod om at me skal elska kvarandre.

## LYSET FINST

Solsnu-motivet er framleis med oss inn i feiringa av Jesu fødsel, han som kalla seg verdas lys. Gjennom førjulstida lyser adventskransen stadig sterkare, og til høgtida syng me «Ho mor, ho kveikjer alle ljos».

Lys er ikkje berre ein flamme eller noko me kan slå på med ein brytar. Lys er eit bilete på det me treng når dagane er tunge. Me treng kvarandre, eit vennleg smil, ein hjelpsam nabo, at nokon deler med oss – og me treng håp. Håpssymbolet er eit anker.
Ankeret har feste i æva hos Jesus, som var før alle tider og som vart ein av oss.

Lat tradisjonen med å feira verdas lys halda fram med å bringa håp - «midt i den kalde vinter, ved mørke midnatts tid». (Det hev ei rose sprunge, nr. 33 i Norsk salmebok.)

**God Kristmesse 2025!**

# INNHALD



2
ANDAKT


7
LIV OG RØRE I KYRKJERINGEN


8 - 9
FRIVILLIGHETSFEST I NÆRBØ


10
UTBYGGING AV NÆRBØ KYRKJE


12 - 15
PENSJONIST!?


16 - 17
GUDSTENESTER I JULEHØGTIDA


21
VÅRE FORFULGTE SØSKEN


22
KNIV OG GAFFEL


23
BARNAS SIDE


24 - 25
TRUSOPPLÆRING


26
DØPTE, DØDE OG VIGDE


31
KONTAKTINFORMASJON


32
GUDSTENESTER


*Foto framsida: Kell Jacobsen*

DEN NORSKE KYRKJA
Hå kyrkjelege fellesråd






Har du idear eller ynskje til innhald i kyrkjelydsbladet?

Send ein e-post til: post@hakyrkja.no


## KYRKJELYDSBLADET FOR HÅ

**Utgjevar:** Sokneråda i Nærbø, Varhaug og Ogna
**Adresse:** Kyrkjelydsblad for Hå, Ånestadsvegen 12, 4360 Varhaug

**Redaktør:** Kyrkjeverja i Hå (redaktør) tlf.: 51 43 62 10

**Mottak av stoff:** e-post: post@hakyrkja.no
**Layout/trykk:** Jærprint

Bladet vert sendt fritt til alle husstandane i Hå kommune.

# FRA KIRKEVERGENS SKRIVEBORD

## KONTINGENT

Kyrkjelydsbladet drives av frivillige gaver, frivillig kontingent. I dette bladet finner du en QR kode som du kan bruke for å gi ditt bidrag til driften av kyrkjelydsbladet.

Takk for at du er med og støtter bladet økonomisk.

## NYTT LÅSSYSTEM I KYRKJENE

Det er nå installert nytt nøkkelsystem i alle kyrkjene og ein del av dei andre bygga som kyrkja har ansvaret for. Dette betyr at du ikke vil kunne komme inn uten brikke og kode. Nøkkelen vil kun fungere inn i bygga.

Om du mener at du har bruk for å komme deg inn og trenger kodebrikke, så ta kontakt med kyrkjekontoret så ordner det seg.

## MARIA HEGRE



Vi er glade for at Maria Hegre vil gå inn som vikar i Stokkalandsmarka og Varhaug sokn denne våren. Hun har ansvaret for Baby og småbarnsang i tillegg til å ha ansvaret for en av speidergruppene og tårnagenthelga i Varhaug kyrkje.

Ta godt imot Maria og ta henne og familien med i forbønn.

# KVELDSSANG I NÆRBØ KYRKJE - SONGGLEDE OG TAKK TIL GUD



Nokre songglade menneske i kyrkjelyden har lenge hatt ein draum om å kome saman for å syngje songar til Guds ære. Ein torsdag kveld i oktober gjekk draumen i oppfylling.

Saman med dyktige musikarar, forsongarar og ei songglad forsamling fekk me verkeleg syngje ut vår takk og lovsong til den treeinige Gud.

Målet for denne kvelden var å invitere til fellessong - ikkje til konsert. Mange røyster vart med i songen, og me kjende både på songglede og på gleda over å kunne prise Gud i lag.

Me opplevde verkeleg det salmisten seier i Salme 147: «Det er godt å prisa vår Gud, det sømer seg med fager lovsong.»

I tillegg til fellessongen fekk me eit lite innblikk i kva Bibelen seier om lovsong og lovprising. Lovprising er eit svar og ein reaksjon på Guds storleik - eit ekko av Herren sine velgjerningar. Som hjelp til å uttrykkje lov og takk til Gud, får lovsongen ofte poetisk form. Når me ikkje finn eigne ord til vår lovprising, er det godt å bruke salmar og songar. Og det var nettopp det me gjorde denne kvelden. Me fekk prisa Gud gjennom salmar og songar av både eldre og nyare dato. Salmar frå Bibelen las me òg saman.

Vår første kveld med Kveldssang  gav meirsmak. Difor ønskjer me å samlast igjen for å halde fram med å lovsyngje Herren.

Dato for neste Kveldssang er sett til torsdag 19. februar kl. 19.

Velkomne skal de vere!

# GULLKONFIRMASJON

I Hå har det lenge vore tradisjon for å markera gullkonfirmantane, altså dei som har 50 år sidan dei stod konfirmant.

Kyrkjene i Hå bidrar til å markerer gullkonfirmantane med deltaking i ei gudsteneste. (dato blir bestemt av soknerådet i samband med gudstenestelista). Eventuelt program og vidare feiring må 50 års konfirmantene sjølve danne ein komite for og arrangere sjølve.

Komiteen må planlegge dagen (utanom gudstenesta), utarbeida invitasjon, og finne adresser til gullkonfirmantene.
Dei må og ordna med lokale, setja program, kontakta eventuell fotograf og anna som vert naturleg i samband med feiringa av gullkonfirmasjon. Kyrkjekontoret er hjelpsame med liste over namn på dei som vart konfirmert for 50 år sidan.

### Vart du konfirmert 1976 og er gullkonfirmant i ei av kyrkjene i Hå i 2026?

Ynskjer du at dagen skal feirast ut over den enkle markeringa i gudstenesta og kan tenka deg å bidra til dette?

Ta kontakt med kyrkjekontoret, eller 51 43 62 10.

# DATOAR FOR KYRKJELYDSMØTE

**Varhaug sokn:** 8. mars 2026
**Ogna sokn:** 22. mars 2026
Årsmeldingar vert lagt ut på heimesida medio februar, saman med saklista.

# FØRJULSGUDSTENESTE FOR ELDRE I OGNA KYRKJE

### 3. desember kl. 10.00

- Sokneprest i Ogna Lars Brakstad Kjosavik
- Vigrestad Pensjonistkor
- Kyrkjekaffi

HJARTELEG VELKOMEN

Arr. Kyrkja i Hå



*Photo by Leanne Zeck on Unsplash*

# INFOSKJERM

Kanskje du har vore på eit arrangement i Varhaug kyrkje, Nærbø kyrkje eller Stokkalandsmarka menighetshus og irritert deg over at du ikkje fekk notert ned det som du såg på infoskjermen då du var der? Fortvil ikkje!

Det fins ei løysing! Du kan få infoskjermen direkte på mobilen din - når som helst og kor som helst.

For å koma i gang treng du appen Infoskjermen GO (om du ikkje finn det namnet i GooglePlay eller AppStore søker du på PinToMind-GO). Last ned appen til mobil eller nettbrett. Så legg du til delingskoden for den skjermen du ynskjer å sjå. Delingskodane til skjermane er:

- Varhaug kyrkje: VARHAUGKYRKJE
- Nærbø kyrkje: JOH316
- Stokkalandsmarka menighetshus: STOKKALANDSMARKA

Dette er den same appen som kommunen bruker til informasjon om ungdomsklubbar og kulturskulen. Så om du alt har lasta ned appen for å få tilgang på informasjon frå desse, eller andre som nyttar appen, legg du berre til ny skjerm. Det fine med denne appen er at du kan ha så mange skjermar du vil i ein og same app.



*Foto: Clique Images på Unsplash.com*




# Å VELJA LIVET

## Velkommen til temakveld
## 4. februar 2026 kl. 19.00

Stad: Festsalen i SI bygget, Ånestadvegen 12, Varhaug

Desse vil delta:

- Einar Steen Jakobsen
- Kjersti Olimb Salte

Samtale rundt borda

Enkel bevertning

Arr: Varhaug kyrkje

# HEILAG TRE KONGERS FEST

## 4. januar 2026 kl. 19.00

Saron Bryne

- Håkon Kessel, leder NMS Global, gir oss misjonsnytt fra NMS og holder en andakt
- Jærklang bidrar med sang.
- Servering og Offer til NMS

ALLE på Jæren: VEL MØTT!
Arr: NMS - Bryne Mannsforening

# JERUSALEMS DRAMATISKE HISTORIE



**Torsdag 22. januar 2026** kjem teolog og pensjonert prest, **Trond Bakkevik,** til Vigrestad misjonshus. Emnet hans er **«Jerusalems dramatiske historie».**

Få nordmenn kjenner denne byen med si dramatiske og komplekse historie betre enn Bakkevik. Frå 1995 og mest fram til i dag, har han vore engasjert i samtalar mellom jødiske, kristne og muslimske leiarar. Desse samtalane gjekk for det meste føre seg i Jerusalem, ein by han difor kjenner svært godt, og der han har besøkt heilage stader til alle tre religionane.

Bakkevik står dessutan fram med ein særeigen kombinasjon av teologisk og politisk kompetanse, mellom anna frå Mellomkyrkjeleg råd, som rådgjevar for dåverande utenriksminister Thorvald Stoltenberg på 80-talet og som medlem av Kirkenes Verdensråd.

I 2024 ga han ut boka «Jerusalem - kirkehistorie og politikk», der han følgjer byen si historie frå Jesu tid og fram til i dag.

Arr: NMS Vigrestad

# LIV OG RØRE I KYRKJERINGEN

**Hausten i kyrkjeringen har vore travel og triveleg - full av gode møte, dugnadsånd og fellesskap.**

På haustfesten på Hå sjukeheim 20. september var det god stemning med sal av bakverk, handarbeid og aktivitetar for barna.

I november var det både salgsmesse på Køhler Paviljongen og stand i parken, der folk kosa seg med bakst, strikkaprodukt, sukkerspinn og lykkehjul. 1. søndag i advent vart julegrana tent på torget, med gløgg, bakverk og førjulsstemning.

Bakargruppa har vore i full sving sidan haustferien, og den kreative gruppa har møttest jamleg til strikk og drøs.

No ser vi fram mot **julemessa i Nærbø kyrkje 6. desember kl. 11.00,** med Gladsang, andakt ved Hilde Viste, Nærbø skulekorps, kafé, loddsal og sal av heimelaga varer - alt i god førjulsånd.

Takk til alle som har bidrege og vore med på å skapa varme og fellesskap denne hausten. Vi gler oss til adventstida - ei tid for lys og takksemd.

På årets julemesse 6. des. blir det amerikansk kunstauksjon av dette fantastiske kunstverket.







# FRIVILLIGHETSFEST I NÆRBØ

*Foto og tekst: Brage Martin Norbakken*

**Onsdag den 22. oktober var det duka for frivilligfest i Nærbø kyrkje. Før festen talte me totalt 146 påmelde, og det kom faktisk endå fleire. Me hadde halde av eit eige ungdomsbord, men her rann det plutseleg inn ein del ekstra og det heldt ikkje med eit bord for ungdommane, dei måtte spreiast. Heldigvis hadde me nokon bord ekstra, men kapasiteten på talet på bord kyrkja eigar var ganske sprengde.**

Det var duka for ein 3 timars festkveld, og folket stilte verkeleg opp. I finstasen med god stemning så var dei oppmøtte med og gjorde dette til ein fortreffeleg aftan der me både fekk løfta blikket, delt fellesskap og delt latter.

Kvelden starta med ei stemning som gjekk igjennom taket i det sokneprest Vidar Søyland Pettersen drog i gang programmet. Etter dette var det duka for eit lite maskorama-innslag kvar det viste seg å vera ordførar Andreas Bjorland som gøymde seg bak kostymet som Tussi og prost Lars Sigurd Tjelle som var dekt som Ole Brum for høvet. Bjorland framførte «Bonde» av Tønes, medan Tjelle framførte «September» av Earth, Wind & Fire. Fin variasjon med ein lokalt forankra song og ein rein partylåt.

Etter dette fekk me eit lite ord for dagen av Thomas Neteland som snaka om at Gud alltid gjer noko nytt. Etter dette tok me i eit bordvers og fekk i oss noko herleg thaimat frå lokale Thailand by Nichcha Nærbø. Undervegs var det både sal av lodd og Jæren gospelkor fylte salen med dei vakraste tonane









når dei drog til med «Velsigninga» av Tore Aas og «Who he is» av Jamie Macdonald. Etter dette vart det noko forseinka trekt vinnarar av basaren (det måtte fyllast på med lodd for å møta etterspurnaden). Det var premiar som tydeleg spegla kyrkja i form av noko dekor, biblar og ikkje minst ei 1000-pakning med eingongstallerkenar.

Medan dette gjekk føre seg, vart det sett fram eit eventyrleg bra isbord. Her fekk alle høve til å forsyna seg før Thomas Neteland skulle ha hovudbolken sin der han snakka om entusiasme og korleis ein gjer entusiasme berekraftig frå ein kristen ståstad. Denne varte nærare 40 minutt, men det verka ikkje som nokon klarte å rikka seg frå stolane sine. Enormt inspirerande og bra appell.

Etter dette slapp ordførar Bjorland til igjen, og han snaka om verdien av frivilligheit i det offentlege, for oss kristne spesifikt og ikkje minst om kva samfunn ein ønskjer å ha. Det var nokre kloke ord til ettertanke for nokon kvar. Etter dette song me salmen «O store Gud».

Så fekk me ein takk frå soknerådsleiar Marianne Bjorland som saman med dagleg leiar Brage Martin Norbakken avslutta kvelden. Så var det laget ein video om korleis kyrkja hadde set ut utan dei frivillige som vart vist fram etter programmet vart avslutta rett over ni (me hadde trass alt lova å vera ferdig ni). Nokon måtte heim til koner og barn, men dei som vart igjen fekk verkeleg valuta for pengane. Benjamin Trygve Øgreid-Øie stod for regi, film og redigering som gjorde dette til ei enkel oppgåve for skodespelarane Ove Byberg, Brage Martin Norbakken og Vidar Søyland Pettersen.

Alt i alt vart det ein verkeleg flott aftan og me håpar dette fristar til gjentaking for alle som var med og alle som desverre ikkje fekk det til denne gongen.







# UTBYGGING AV NÆRBØ KYRKJE

Ei kyrkje er meir enn eit bygg. Det er ein møteplass for folk i ulike livssituasjonar, med ulik bakgrunn og med ulike behov. Kyrkjene i landet vårt representerar ikkje berre viktige kulturminne, men er også ein stad der menneske kan oppleve tilknyting  og fellesskap. Kyrkja er difor ein viktig møteplass både for åndeleg og sosialt samvær. Ho ber på både viktig historie og gode tradisjonar.

Nærbø nye kyrkje stod ferdig i 2005. Den flotte arbeidskyrkja var utforma for mangfald, og ein såg verdien i å få plass til nye aktivitetar og tilbod til folket i bygda. Kjellaren vart tilrettelagt for barne- og ungdomsarbeid og barnehage, noko som gjorde bygget meir brukarvennleg for folk i alle aldrar. Gjennom 20 år har både store og små gått inn og ut kyrkjedørene, og fått bli betre kjent med både seg sjølv, folk rundt seg og med Gud. Dette viser kor viktig kyrkjebygget er for innbyggjarane på Nærbø. No er kyrkja blitt for lita.

I historisk samanheng så er ikkje 20 år så mykje for eit kyrkjebygg. Til samanlikning er den gamle kyrkja på Nærbø snart 200 år. Slik sett er det kanskje rart at ein no ser det nødvendig å byggje ut den nye kyrkja, etter så kort tid. Samtidig så er mange av aktivitetane og tilboda som kyrkja tilbyr no, heilt annleis enn dei var tidlegare. Behova har endra seg, og kjellaren er no blitt for liten for alle barn og unge som deltek på ulike arrangement. Det er trongt, og ein ser at det er stort behov for meir plass. At kyrkja treng påbygging, fortel at det er mange folk som ser verdien av å gå på aktivitetane. Dette er altså det vi kan kalla for eit luksusproblem.

Kyrkjelyden har vedtatt at kyrkja skal byggast ut, slik at det vert meir plass for ungdomsarbeidet i kjellaren, og betra forhold for både dei tilsette og for dei som nyttar kyrkja. Ei slik utbygging er langt frå gratis, og før ein kan setje i gong med arbeidet må ein ha økonomiske rammer som legg til rette for at bygginga kan gjennomførast.

Soknerådet har sett på fleire ulike måtar å finansiere utbygginga på, og håpar at det vil legge seg til rette. Ei av inntektskjeldene er gjevartenesta. Der kan folk gje pengar som er øyremerka utbygging av kyrkja. Vi håpar no at folk i bygda ser kor viktig kyrkja er, og har lyst til å bidra til å gjere utbygginga mogleg. Det å legga til rette for at ungdommen kan kjenna seg heime i kyrkja, og at dei kan få samlast i gode og trygge omgjevnader, er verdiar som ikkje kan målast i pengar.

Kyrkja vert ofte sett på som noko større enn oss sjølve, så la oss samarbeide og løfte i lag, slik at byggeprosessen kan kome i gang.

Ta gjerne kontakt med dagleg leiar i kyrkja, dersom du har spørsmål om gjevartenesta. Du kan og nytte QR-koden her, dersom du ynskjer å bidra til utbygginga.

# POPUP-BUTIKKEN SOM BLEI TIL VELSIGNING

*Foto: Jonas Egeland Reime*

**I oktober var det ekstra liv i Alti Nærbø - då opna kyrkjelyden sin eigen PopUp-butikk til støtte for utbygginga av Nærbø kyrkje.**

Initiativet starta med ei stor kunstgåve frå ein anonym gjevar. Vedkomande tok kontakt med kyrkja og ønskte å gi bort delar av samlinga si for å bidra til utbygging av Nærbø kyrkje - eit prosjekt som har eit prisoverslag på mellom 12 og 15 millionar kroner.

Totalt vart 19 kunstverk gjevne, med kjende norske kunstnarar som Gunnar Torvund, Kjell Pahr-Iversen, Stanley Stornes, Oscar Sørreime og glasskunstnaren Benny Motzfeldt.

Desse kunstverka vart stilte ut i PopUp-butikken - som samtidig fungerte som utstillingslokale fram mot kunstauksjonen 30. oktober.

## EIN BUTIKK FULL AV LIV

Butikken heldt ope kvar torsdag, fredag og laurdag i oktober, i dei tidlegare lokala til Drøsen kaffibar i underetasjen på Alti Nærbø.

Her kunne ein finna både kunst, gåver og gjenbrukss-kattar, alt gitt av folk i nærmiljøet. - Responsen har vore overveldande.

Mange stakk innom butikken - nokon for å handla, nokon for å slå av ein prat og andre for å levera noko dei sjølve ville gje vidare.

Opninga vart markert med snorklipping av ordførar Andreas Bjorland, kaffe, rød saft og ei flott marsipankake med motiv av kyrkja.

Kyrkjeverge Svein Olav Nesse fortel at utbygginga vil gje om lag 300 kvadratmeter ekstra plass - med større kyrkjestove, samtalerom, dåpsrom, betre kjøkken og ungdomsrom.

Målet er at prosjektet skal stå ferdig om tre-fire år, avhengig av kor raskt innsamlinga går.

PopUp-butikken og kunstauksjonen vart eit flott steg vidare på vegen - både økonomisk og som eit synleg teikn på at kyrkjelyden står saman om draumen om ei større kyrkje.

Tusen takk til alle som bidrog - dette gjorde me saman! 💛











Kunstauksjonen gav dette flotte resultatet: kr. 49.200,00.
Totalt har vi fått inn kr. 175.000,00 som går til utbygging i kyrkja.

# PENSJONIST!?



**I dette kyrkjelydsbladet møter du tre menneske som står på terskelen til - eller midt i - pensjonistlivet. Pensjon handlar om meir enn ein dato på eit papir. Det er ei overgangstid som rører ved kvardagen, rollene våre og kjensla av eigen verdi.**

Me spør først kva dei tenkte om pensjonisttilværet før det blei aktuelt, og kvifor tida var inne då ho kom. Korleis kjennest det eigentleg å gå frå arbeidsliv til ny fridom? Er det glede, lettnad, sakn - eller litt av alt?

Me undrar òg på korleis endringa påverkar sjølvkjensla og trua. Når kalenderen blir tommare, får gudsforholdet nye rom? Blir det lettare å søkja Guds rike først?

Til slutt deler dei kva som gir meining og glede i denne fasen av livet - fellesskap, frivillig arbeid, bøn, turar eller skaparglede - og kva råd dei vil gje til andre som nærmar seg pensjon.

Må desse forteljingane inspirera til håp, nysgjerrigheit og eit liv i teneste for Gud og kvarandre - i alle aldrar.



Han ser likevel ikkje mørkt på å måtta bli pensjonist. Han trener på å omfamne både velsignelse og smerter i tillit og takknemlighet til Gud. Så dersom den treninga ikkje er bortkasta så trur han det går fint sjølv om det nok vil bli noko utfordrande. Han beskriv seg sjølv som ekstrovert, og han speglar seg i tilbakemeldingar frå kollegaer og pasientar. Det vil nok merkast når den spegelen forsvinn, og han kjem til å sakna samhandling og bekreftelse frå andre. Då blir nettverk og familie med 20 barnebarn og 10 oldebarn dei han kan samhandla med og spegla seg meir i.

Me lurer på om Øivind har tenkt på at det å ha god tid som pensjonist kan endra gudsforholdet på ein positiv måte.
Han trur ikkje det har noko å seia og svarer med eit slags ordtak:
- for ung til å tenkja på Gud. - for travel til å tenkja på Gud,
- for gammal til å tenkja på Gud, - for sjuk til å tenkja på Gud,
- for seint til å tenkja på Gud. Gudslivet blir bygd opp gjennom heile livet av mange komponentar der ein blir driven av ein lengsel etter Guds åsyn og der ein lar seg finna av Han, meiner Øivind. Gudslivet utviklar seg i ein basis av kultur, karakter og påverknad. Det skjer ikkje noko magisk om ein får meir tid. Likevel kan det nok henda at ein som gammal reflekterer meir over levd liv. Det kan nok for enkelte vera vondt. Ein kan få ei erkjenning av svik og tap og gjennom det kjenna behov for Guds nåde. Det kan jo føra til eit behov for oppgjer og muligens ny status …… kanskje, undrast Øivind.

For å ha eit godt pensjonistliv meiner Øivind at det er viktig å ha gode avklarte relasjonar til familie og dei du omgås, og å bruka tid i lag med dei. Ein må passa på at ein høyrer til i ein flokk i tillegg til familien. Det kan vera idrettslag, menighet, hobbygruppe mm. Så er det godt å gjera meir av det som gleda ein på fritida mens ein var i jobb.

# ØIVIND LUNDH

*Tekst og foto: Liv Lende Olsen*

**Me møter Øivind Lundh heime på Ogna. Han er 78 år, har eit langt yrkesaktivt liv bak seg, og han er framleis i full jobb. Utdanninga er diakon, sosionom og sjukepleiar. I Oslo jobba han som sosionom før han blei TV-produsent i California.**

Seinare returnerte han til Norge og blei PPT konsulent i Farsund. Vidare jobba han medic offshore, han har drive eige firma og dei siste 10 åra har han jobba på akutt psykisk mottak på SuS. Det har han tenkt å fortsetja med så lenge han kan. Lisensen for å jobba går ut om to år, men han vil søkja om å få fornying. For han er pensjonistalderen eit kunstig skille. Den er knytta til ei politisk beslutning som sikrar at ein får utbetaling når ein vel å slutta av arbeidslivet i ein viss alder. Så lenge den fysiske og kognitive helsa er god så vil han fortsetja å arbeida. Han trivs veldig godt i jobben og opplever det ekstremt meiningsfylt. Det verkar meiningslaust å slutta nå, seier han. Kona er noko yngre og framleis i jobb, så då må han absolutt ha noko fornuftig å bruke tida på. Kan godt hende han jobbar etter at kona er pensjonist også, gjerne til han er 85 år. «Herren gir helse, og eg står på.» seier han. «Eldre menn i psykisk helsearbeid er generelt gull verdt. Det er heilt topp!» meiner Øivind. Dei eldre har «vore ute ei vinternatt før» og har dermed godt erfaringsgrunnlag til å bidra i møte med menneske som slit med psykisk helse.

## ØYVIND VIL GI TO RÅD TIL PERSONAR I PENSJONSALDEREN:

**1. Jobb så lenge du kan!**

**2. Tren på takknemlighet!**



# SVEN AUSTBØ

*Tekst og foto: Liv Lende Olsen*

**Sven Austbø, 67 år gamal, blei pensjonist for to månader sidan då me møtte han heime på garden på Bø. Den har han drive i mange år, men nå har sonen overteke, og Sven har jobba som vaktmeister i kommunen.**

Han tenkte ikkje så mykje på det å bli pensjonist før han bare tok eit val om å bli det. Han trivdes veldig godt i arbeidsfellesskapet i kommunen. Det var eit godt miljø og han hadde stor fridom til å leggja opp arbeidsdagen som han ville; arbeid i lag med andre og noko arbeid åleine. Helsa er god og han tenkjer å bruka dei komande åra på diverse gardsarbeid og andre frivillige oppgåver. Fleire i familien driv med gard og det er gildt å kunna hjelpa til. Å hjelpa andre som pensjonist er anleis enn å driva sjølv. Då bestemte han forskjellige prioriteringar på garden. Nå er det andre si oppgåve, og han må tilpassa seg. Då kan han kjenna seg litt på sida. Så prøver han å finna ein balanse i hjelpa til den enkelte slik at det ikkje blir urettferdig for nokon. I sommar har det vore lange dagar med sesong for gulrot og lauk. Vinteren blir nok rolegare, men det er fleire prosjekt å vera med på då også. Han ser ikkje for seg eit pensjonistliv utan å arbeida med noko, og han er ikkje redd for å bli til overs. Rett etter denne samtalen kom det telefon frå Holmavatn med spørsmål om dugnadshjelp umiddelbart, og Sven for av garde.

Me undrast på om det er lettare å søkja Guds rike først nå når han har meir tid til eigen disposisjon. Då svarar Sven nei. Han har hatt ein rutine med bibellesing etter frukost før, og det har han fortsett med. Han brukar ein oppsett bibelleseplan for kvar dag. Det er ei god hjelp til å halda fast på rutinen.

For å ha glede og meining i pensjonistlivet meiner Sven at det er viktig å ta vare på storfamilien, barn og barnebarn, gleda dei og hjelpa til så godt ein kan. Så må ein vera til stades for gamle foreldre som treng hjelp, skyss og besøk mm. Frivillig arbeid gir glede og meining heile livet. Han har vore leiar for Bjelland bedehus i 35 år og vore aktiv i Barnelaget på Brusand i mange år. Det har vore gildt og meiningsfult. Gjennom livet kjem han stadig tilbake til Salme 139 i Bibelen. Den fortel om Guds omsorg, om at ein er tvers igjennom kjend av Gud og elska av han, at Gud kjenner kvar dag ein får, og at han er med kvar einaste dag, same korleis dagen og ein sjølv er. Det gir ein grunnleggjande tryggleik som det et godt å få kvila i. Han siterer også Kolosserbrevet 3.3 der det står om at livet er gøymt med Kristus i Gud. Det inneber tilgjeving og rensing.

Til slutt eit råd til pensjonistar: Det er viktig med fysisk aktivitet så sant ein har helse til det. Passiviteten er nedbrytande. Med alderdommen minkar sjølvsagt helsa, men det er likevel viktig å ta vare på det ein har med dei aktivitetane ein kan.



# LIV BLINDHEIM

*Tekst og foto: Liv Blindheim*

**1. august hadde eg vore pensjonist i seks år. Tida går så fort. Det tykte eg nok som yrkesaktiv også, men eg må stundom spørja meg sjølv om kvar desse seks siste åra har blitt av.**

Då eg valde å gå av med AFP i 2019, hadde eg vore tilsett som lærar på Ogna skule sidan 1978, altså i 41 år. Eg trur at eg hamna på rett hylle då eg valde læraryrket, og eg har trivest veldig godt i alle desse åra. Men alle ting har ein ende, sjølv dei gildaste, så då eg nærma meg 60 år, måtte eg begynna å førebu meg på pensjonisttilværet. 62 årsalder er grensa for å gå av med AFP, men eg tykte det var i tidlegaste laget å forlata yrkeslivet då. Og så hadde det seg også slik at det skulle byggjast ny skule på Ogna, så eg bestemte meg raskt for å bli med over i den nye skulen. Så slik vart det, eg slutta til sommaren då eg var 64, og vart AFP-pensjonist 1. august i 2019 vel vitande om at det ikkje ville bli problem å fylla dagene med noko meiningsfullt.

At eg valde å slutta som yrkesaktiv akkurat då, hadde nok fleire grunnar. Skulen stod overfor innføring av nye læreplanar, noko som krev mykje arbeid og planlegging, og ein annan grunn (som eg tykkjer det er litt sårt å nemna) var at regjeringa som var då kravde etterutdanning i norsk, matematikk og engelsk dersom ein skulle undervisa i desse faga, så lang erfaring ga ikkje kompetanse lenger.

Mannen min hadde alt vore pensjonist nokre år, så det var vel også ein grunn for meg. Det ville vera verdfullt å ha gode år i lag. Overgangen til pensjonisttilværet gjekk smertefritt. Det starta med sommarferie som berre heldt fram. Eg har i grunnen alltid fått driva på med ting eg har hatt lyst til og vore med på det som eg har vore oppteken av og det som har vore viktig for meg i tillegg til lærararbeidet, så det har vore bruk for meg, sjølv om eg vart pensjonist.

Eg har sagt mange gonger at det er travelt å bli pensjonist, og det står eg inne for framleis. Sjølvagt har dette noko med alder å gjera, men livet vart slik for meg då eg slutta på skulen at eg reiste ein god del til Bryne for å hjelpa mor, som alt då hadde ein høg alder og trong hjelp til det daglege. Seinare vart det til besøk tre gonger i veka på Sivdamheimen fram til ho døydde i 2024. Det var travelt nok medan det stod på, men eg ville ikkje vore utan.

«Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg», står det i Matt.6,33. Ja, ein skulle tru at når yrkeslivet er over, skulle ein få rikeleg med tid til å søkja Guds rike.

Om eg skal seia at dette verset har påverka Gudsforholdet mitt etter at eg vart pensjonist, måtte det vera at eg ser meir og meir kor viktig Gud er for meg i livet mitt, og kor avhengig eg er å «ha ei opa linje» med han heile tida, - i det daglege. Det gir meg også ein stor grunn til å vera trygg når eg veit at han er ved sida av meg alltid.

Å ha eit liv der ein får kjenna seg inkludert i miljøet, vera med på arbeid som ein kjenner er viktig, er med på å gje tilværet meining. Om ein har god helse, er det viktig å få halda fram med noko av dette etter at ein er blitt pensjonist også. Som mennske går ein ikkje «ut på dato» om ein når ein viss alder. Det som gjev god meining til pensjonisttilværet, kan vera heilt individuelt. For somme kan det vera reiser, trim, lesing og handarbeid. For andre kan det vera friluftsliv, besøksteneste eller dyrking av hobbyar som ein ikkje har hatt så god tid til før. Er ein så heldig at ein har born eller barnebarn i nærleiken, kan samær med dei vera viktig for begge partar.

Førebuing på pensjonisttilværet er viktig for at det å avslutta arbeidslivet skal bli meiningsfullt. For meg var det viktig å tenkja over kva eg ville fylla livet mitt med, og det enkle rådet gjev eg gjerne vidare.

# GUDSTENESTER I JULEHØGTIDA

| | |
|---|---|
| **Julaftan** | |
| **Nærbø kyrkje** | **14:00** Julaftagudsteneste<br>Emmaus deltek |
| | **15:15** Julaftagudsteneste<br>Nærbø skulekorps deltek |
| | **16:30** Julaftagudsteneste<br>Jæren Gospelkor deltek |
| **Varhaug kyrkje** | **13:45** Julaftagudsteneste |
| | **14:45** Julaftagudsteneste<br>Minikoret syng |
| | **16:00** Julaftagudsteneste |
| **Ogna kyrkje** | **14:30** Julaftagudsteneste |
| | **16:00** Julaftagudsteneste |
| **1. juledag** | |
| **Nærbø kyrkje** | **12:00** Høgtidsgudsteneste<br>Prosjektkor, blåsere og solister deltek |
| **Varhaug kyrkje** | **11:00** Høgtidsgudsteneste<br>med dåp, nattverd og sundagsskule.<br>Jæren kammerkor deltar |
| **Ogna kyrkje** | **11:00** Høgtidsgudsteneste |
| **Nyttårsaften** | |
| **Nærbø kyrkje** | **23:15** Nyttårsgudsteneste |
| **Varhaug kyrkje** | **22:45** Nyttårsgudsteneste |



# JULEEVANGELIET

*Lukas 2, 1-20*

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. 3 å fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn.  Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Den salva, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:



**«Ære vere Gud i det høgste,**
**og fred på jorda**
**blant menneske Gud har glede i!»**

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.

# LAT OSS TAKKA OG BE!

*Tekst: Harald Vikse*

Dette er kjende ord frå gudstenesta. Og dei høyrer saman sjølv om me nok er flinkare til å be om noko enn å takka for det me har fått.

Dagens salme er ein amerikansk barnesong som Anne Marie Brodal har omsett til norsk etter ei svensk omsetjing av Oscar Lövgren. Og i vår norske salmebok står han under overskrifta «Hausttakkefest». Det er mykje me syng takk for når me syng denne songen - og alt samla seg i takk til vår Gud og far: Skaparen av alt.

Forfattaren ser med takk rundt seg i den naturen han lever i, og han ikkje berre ser, men opplever korleis skaparverket omgir heile livet hans, eit liv han har fått av Gud og som han får leva saman med han.

Og han peikar på at av alt me har fått av Gud, er Jesus det største og viktigaste. Me kan snakka med Gud i bøn om alle ting. Og om me tenkjer etter, har me vel alle ein del å takka for.

Dagens salme er eit døme på kva me kan takka for og be om, men Gud høyrer oss alle når me vender oss til han.

Så lat oss takke og be, anten det er med eigne ord eller andre sine, t.d. eit songvers. For Gud høyrer, sjølv om han ikkje svarar slik me vil. Men lat oss ikkje gløyma å takka! For takk og bøn høyrer saman.

### Norsk Salmebok nr. 254

*T: Amerikansk 1894*
*O: Oscar Lövgren 1963 /*
*Anne M. Bordal 1979*
*M: E. Rawdon Bailey (psevdonym for*
*Carey Bonner) 1905, etter eldre melodi*

*For solglans over land og hav*
*vi takker deg, vår Far.*
*For duften som du engen gav,*
*vi takker deg, vår Far.*
*For alle blomsters glød og prakt,*
*for skogen i den grønne drakt*
*og fuglens sang i morgenvakt,*
*vi takker deg, vår Far.*

*For trær som frukt og skygge gir,*
*vi takker deg, vår Far.*
*For alt du skapte, alt vi ser,*
*vi takker deg, vår Far.*
*For daglig omsorg som vi får,*
*for faderhender som oss når,*
*for hjelp og verge hvor vi går,*
*vi takker deg, vår Far.*

*For Jesus som til jord kom ned,*
*vi takker deg, vår Far.*
*For Jesu rike kjærlighet*
*vi takker deg, vår Far.*
*For ham, vår frelser og vår venn,*
*som for oss alle gav seg hen*
*og kommer til oss snart igjen,*
*vi takker deg, vår Far.*



*Photo by Patrick Fore on Unsplash*

# EIT BARN ER FØDT

## FØDSELEN TIL PASKALINA KUNNE HA GÅTT VELDIG GALE. HO OVERLEVDE TAKKA VERE BEHANDLINGA HO FEKK PÅ HAYDOM-SJUKEHUSET I TANZANIA.

*Foto: Håvard Bjelland - Tekst: Åsne Gullikstad*



*Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset då ho fødde vesle Angelina.*

- No har eg det bra, og babyen min har det bra, seier Paskalina Qawock (35).

Ho ser ned på barnet i armkroken. For berre nokre timar sidan fødde ho sitt sjette barn, ei lita jente som har fått namnet Angelina.

Då fødselen starta var ho heime, om lag ti kilometer frå sjukehuset vi er på - Haydom Lutheran Hospital i Manyara-regionen i Tanzania.

Alt gjekk fint - heilt til rett etter fødselen.

- Ein ropar: «Haste!»

Då byrja Paskalina å blø kraftig, ein såkalla postpartum-bløding. På verdsbasis er dette ei av dei viktigaste årsakene til at kvinner døyr i samband med fødsel, særleg i fattige land.

Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset, eit sjukehus som vart oppretta av norske misjonærar i 1955, og som Kirkens Nødhjelp har støtta i mange år.

- Når ei kvinne byrjar å blø kraftig etter at morkaka er ute, hastar det veldig, fortel jordmor Sabina Mmao, som er saman med Paskalina i dag.

## REDDAR LIV

Dei tilsette på Haydom veit kva dei skal gjere når det oppstår ein kritisk situasjon. Det er eit resultat av eit forskingsprogram som Haydom-sjukehuset står i spissen for.

Det har gitt resultat som har vekt internasjonal merksemd: I løpet av tre år er dødsfall blant fødande kvinner redusert med 75 prosent og nyfødt-død med 40 prosent ved dei 30 fødestadene i fem regionar der programmet vart innført.

